

# **HOLSNØY OG FLATØY BESTANDSPLANOMRÅDE**

## *BESTANDSPLAN*



**2018 - 2021**

## **1. Innleiing**

### **1.1 Bakgrunn for planlegginga**

## **2. Planområde**

### **2.1 Kart**

### **2.2 Valda i bestandsplanområdet**

## **3. Organisering**

### **3.1 Rettstilhøve og organisering**

### **3.2 Drift og administrasjon**

## **4. Avskyting, bestandsutvikling, og status i planområdet**

### **4.1.1 Trekkmønster og arealbruk**

### **4.1.2 Vårteljingar**

### **4.1.3 Skader på dyrka mark og skog**

### **4.1.4 Påkøyrsle**

### **4.2 Avskyting**

#### **4.2.1 Avskyting siste 5 år**

#### **4.2.2 Avskyting på kjønns og aldersgrupper**

### **4.3 Sett hjort**

#### **4.3.1 Sett hjort og alderssamansetning**

#### **4.3.2 Sett hjort pr jegerdag**

#### **4.3.3 Sett kolle pr bukk**

### **4.4 Oppsummering**

## **5 Målsetjing**

### **5.1 Hovudmål**

### **5.2 Delmål**

## **6. Tiltaksdel**

### **6.1 Avskytingsplan**

### **6.2 Fordeling av fellingskvote til valda**

### **6.3 Overføring av fellingsløyve mellom vald og fellesjakt.**

## **1.0 INNLEIING**

### **1.1 Bakgrunn for planlegginga**

Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde ønskjer å følgje opp ansvaret som grunneigarane har for å drive planbasert og stammeretta forvalting, og søker det sjølvstyret som planlegginga gjev.

Utgangspunktet for planen er først og fremst eit resultat av at man no ynskjer å sjå på heile hjortebestanden samla for Holsnøy og Flatøy på tvers av valdgrenser. Planen er vidare ei oppfølging av tidlegare avskytingsavtalar nokre av valda har hatt med Meland kommune, samt eit resultat av at dei andre valda som ikkje tidlegare har hatt avtalar no ynskjer å vere med i dette arbeidet.


Organisering av valda vert som før, men avskytinga skal gjerast i samsvar med bestandsplanen. Denne omhandlar ikkje noko i høve til jaktutøving eller fordeling av dyr i dei einskilde valda. Det er høve å flytte/overføre løyve mellom vald i bestandsplanområdet når jaktrettshavarane er samde om dette.

### **1.2 Planperiode og planstatus**

Planperioden gjeld i 4 år frå 2018 t.o.m 2021. Vedteken bestandsplan er bindande for valda planområde. Planen er underordna offentleg regelverk. Den skal vere tilpassa kommunen sin forvaltningsmål. I tillegg har kommunen ansvaret for å innarbeide den i si overordna planlegging.

## **2 PLANOMRÅDE**

### **2.1 Kart**



## 2.2 Valda i bestandsplanområdet:

Valdnavn	Tellende areal Hjort	Tildelte 2017	Da/dyr
Nordre Holsnøy	23182	38	610
Sagstad - Moldekleiv	2334	3	778
Midtre Holsnøy	11540	30	385
Mjåtveit - Langeland	5129	8	641
Fløksand - Ryland	5411	9	601
Dale	3203	5	641
Sætremarka	1564	2	782
Flatøy/Håøyna	1504	2	752
Kårbø	2385	4	596
Austbygd hjortevald	19255	32	602
<b>SUM</b>	<b>75325</b>	<b>133</b>	<b>638</b>

Planområdet er avgrensa til det arealet som i dag ligg i Meland Kommune i Hordaland fylke. Området består av Holsnøy, Flatøy og nokre mindre øyar mot Herdlefjorden. Området er på om lag 90 000 daa. Halvparten av landarealet er skogdekt. 13% av totalarealet er jordbruksareal. Av dette er det 75 325 da teljande areal i høve til hjortejakt.

Meland kommune er ein landbrukskommune prega av utbygging og sterk auke i folketalet. Den største utbygginga skjer i søre del av området.

Naturtypane varierer frå lynghei og glissen furuskog til plantefelt av gran, tette lauvskoglier og snaufjell. Midt i området ligg Rylandsvassdraget med Storavatnet som det største vatnet på 2.5 km<sup>2</sup>. Eldsfjellet er det høgaste fjellet og ligg i nordre del av planområdet og strekker seg 324 meter over havet.

## **3. ORGANISERING**

### **3.1 Rettstilhøve og organisering**

Det er valda som er medlem i bestandplanområdet. Det må leggast til rette for, og arbeidast mot, at alle vald innanfor bestandsplanområde vert med.

Bestandsplanområdet si hovudoppgåve er å drive hjorteforvaltning ved utarbeiding, gjennomføring og evaluering av bestandsplanen. Det skal utarbeidast plan for fordeling av fellingsløyve mellom valda i samarbeidet.

Bestandsplanen omhandlar berre avskytinga for området, og ikkje noko i høve den praktiske jaktutøvinga for dei einskilde jaktvalda. Desse består framleis som sjølvstendige einingar. Tildelinga av fellingsløyve vert gjeve av kommunen i samsvar med bestandsplanen. Valda skal rapportere fellingsresultatet og anna til kommunen i samsvar med gjeldande fristar.

Grunnlaget for bestandsplanen er kunnskapsbasert og utarbeidd med data frå Hjorteviltregisteret.

### **3.2 Drift og administrasjon**

Bestandsplanområde vert organisert av eit styre beståande av dei einskilde valdleiarane frå valda som er medlem i bestandsplanområde.

Valda må skrifteleg tilslutta seg bestandsplanområde og gjeldande vedtekter.

Bestandsplanområde har ansvar for utarbeiding av bestandsplanen. Dei einskilde valda får løyper tildelt frå kommunen i samsvar med bestandsplanen. Valda fordeler sjølv vidare internt.

Valda har framleis ansvar for rapportering av sett hjort, fellingsresultat, og innbetaling av fellingsavgifter til kommunen.

## **4.0 AVSKYTING, BESTANDSUTVIKLING, OG STATUS I PLANOMRÅDET**

### **4.1.1 Trekkmønster og arealbruk**

Dyra er i hovudsak jamt fordelt i bestandsplanområdet, men tettleiken varierer enkelte stader i løpet av året. Områda med aktiv landbruksdrift har størst tettheit med hjort. Enkelte område kan i perioder være "tomme" for dyr, til dømes grunna beiting av husdyr og spredning av naturgjødsel. Andre årsaker kan vere at det er skote for mykje stamdyr, eller at områda ikkje attraktive nok for hjorten. Auka utbygging i søre del av bestandsplanområdet verkar også inn på kor mykje hjort som er i områda.

Ved lengre perioder med nordavind vil tettleiken med dyr i nordre områder auke. Om vinteren er det størst tettleik i områder med skog, der dyra finn skjul og kan beite på kvister og skudd. Om våren trekker dyrene til områder med godt beite.

Det har vore GPS merking av ein hjort på Kårbø/Landsvik. Dette i samband med eit prosjekt for å kartleggja vandringer til hjorten. Generelt visar det seg at hjort på øyer trekkjer mindre enn hjort på fastlandet. Bukkar trekkjer lengre og i større grad enn koller. Hjorten på Kårbø/Landsvik har vore i same område i heile perioden og er særstak stadbunden. Dette viser kor viktig det er og spara stamdyr og tradisjonsberarane i eit område.

Vidare ser ein tydeleg at område der det har vore etablering av turstiar og terrenget aktivt vert nytta gjennom heile året, at hjorten trekkjer ut av området og finn seg andre og rolegare plassar.


Miljøvernnavdelinga til Fylkesmannen i Hordaland laga for nokre år tilbake ein rapport med kartlegging av viktige vinterområde og trekkvegar inn og ut av området. Område sør for Storavatnet, frå Landsvik til Husebø, og område mellom Landsvik og Odland vart i tillegg til nokre mindre område peika ut som viktige vinterområde.

Når det gjeld trekkvegar inn og ut av området så er det flest av desse på vestsida av Holsnøy mot Askøy, men det er og fleire av dei mot aust. Mengda av hjort som trekkjer over på desse plassane veit me ikkje so mykje om.

#### 4.1.2 Vårteljingar

Det har dei siste åra vore gjennomført vår teljingar av hjort i samarbeid med kommunen. Kor mykje dyr ein ser på desse teljingane har variert noko. Det er fleire faktorar som har innverknad på vårteljingane. Mellom anna ver og vind, og ikkje minst tidspunkt for spreiing av husdyrgjødsel. Detaljane i teljingane er vorte mykje betre dei siste åra. Kategorien «ukjent» minkar frå år til år.

Vårteljingane gjer ikkje eit godt nok bilde av stamma, eller samansetninga av denne, til å leggja for stor vekt på denne.




### **4.1.3 Skader på dyrka mark og skog**

Skadepresset på skog og innmark i Meland kommune og planområdet, har auka i takt med bestandsveksten dei siste åra. Dyrka eng er mest utsett, men skader på ungskog er også utbreidd.

### **4.1.4 Påkørysle**

Påkørysle av hjort skjer kvart år, og vegen mellom Rossland - Kårbø, og Rydland - Meland er dei mest utsette strekningane.



## **4.2 Avskyting**

3 av valda i kommunen har dei siste åra hatt eigne avskytings avtalar med kommunen. Dette gjeld Nordre Holsnøy, Midtre Holsnøy, og Austebygd hjortevald. Dei andre har fått løyve med retta avskyting frå kommunen år for år. Det soleis ikkje vore ein samla plan for bestanden i kommunen med tanke på størrelse og samansetning av bestanden.

Avskytings profilane for 2013 og 2014 hadde som mål å redusera bestanden noko då bestanden vart oppfatta som høg. Dette var i samsvar med kommunen si målsetjing for perioden. Ein såg og at det fleire plassar var eit auka beitepress på innmark og skog.

Etter kvart såg ein at fellingsprosenten gjekk ned. Dette gjorde at tildelinga vart redusert dei kommande åra. Dei valda som hadde bestandsplan/avskytings plan med kommunen reduserte talet løyve, og gjekk over på ein avskytings profil for å stabilisera stamma på det nivået ein då hadde oppnådd.

I samband med at talet løyve vart redusert gjekk fellingsprosenten opp til 84-87%.

Resultata frå jakta i perioden gjev indikasjonar på at målsetjinga med å redusera stamma noko for så å stabilisera ho vart nådd.

### **4.2.1 Avskyting siste 5 år**

**Tabell 1.** Tildelte, felte og fellingsprosent for kommunen i perioden 2013-2017

År	Tildelt totalt	Felt totalt	Fellings-prosent
2013	196	140	71


2014	196	126	64
2015	146	94	64
2016	131	110	84
2017	133	116	87

## 4.2.2 Avskyting på kjønns og aldergrupper

Dersom ein studerer resultatet fordelt på kjønns- og aldersgrupper så ser ein at fordelinga på kjønn er høvesvis 53% hanndyr og 47 % hodyr.

**Tabell 2.** Avskyting på kjønns og aldersgrupper for kommunen i perioden 2013-2017

År	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt hanndyr 1 ½ år	Felt hodyr 1 ½ år	Felt hanndyr eldre	Felt hodyr eldre	Felt totalt
2013	19	13	30	27	21	30	140
2014	12	15	24	24	25	26	126
2015	11	10	21	22	15	15	94
2016	13	11	29	23	20	14	110
2017	25	16	29	16	16	14	116
<b>SUM</b>	<b>80</b>	<b>65</b>	<b>133</b>	<b>112</b>	<b>97</b>	<b>99</b>	<b>586</b>
%	14	11	23	19	17	17	




Vidare ser ein at fordeling mellom kalv, ungdyr (1 ½ åringar), og vakse dyr har endra seg i perioden. Utaket av eldre dyr har vore større samanlikna med yngre dyr dei to første åra. Dei 3 siste har det endra seg der utaket av eldre dyr gjekk ned medan utaket av kalv/ungdyr gjekk opp.

**Tabell 2.** Avskyting på kjønns og aldersgrupper for kommunen i perioden 2013-2017

År	Felt kalv	Felt 1 ½ åringar	Felt eldre dyr	Felt kalv [%]	Felt 1 ½ åringar [%]	Felt eldre dyr [%]
2013	32	57	51	23	41	36
2014	27	48	51	21	38	40
2015	21	43	30	22	46	32

2016	24	52	34	22	47	31
2017	41	45	30	35	39	26
<b>SUM</b>	<b>145</b>	<b>245</b>	<b>196</b>			
[%]	25	42	33			



## 4.3 Sett hjort

Sett hjort visar ein auke i observasjonar frå år til år. Dette behøver ikkje vere ikkje eit teikn på at stamma har auka, men snarare at jegarane har vorte flinkare til å nytta sett hjort skjema når dei er på jakt.

### 4.3.1 Sett hjort og alderssamsetning

Ut frå resultata i sett hjort registreringane kan ein kanskje meine litt om alderssamsetninga i stamma. Kalv, spissbukk, og bukk er enkle å plassere i rett alderskategori. Det er vanskeleg å aldersbestemme kolle, og sjølvsgart dei som er registrert som ukjente. Ein del av kollane me ser som ikkje har kalv, er 2 ½ åringar, og i kategorien vakse dyr. Vidare er det koller som legg att kalven sin før dei kjem ut på til dømes innmark. For å anslå eit tal kan ein rekna med at det er om lag like mange 1 ½ år gamle koller som spissbukkar. Dersom ein reknar med at 30% av dei «ukjente» er unge dyr så vert fordelinga om lag 50% ungdyr og 50% vakse dyr.

*Tabell 3. Sett hjort pr. jegerdag 2013-2017*

År	Spissbukk	Bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	Sum sette hjort
2013	25	23	114	75	22	259
2014	63	72	330	199	130	794
2015	93	98	440	261	209	1101
2016	113	115	428	269	114	1039
2017	182	158	462	281	209	1292


### 4.3.2 Sett hjort pr. jegerdag

Registrering av sett hjort vart innført i perioden. I starten var registreringane for jaktfelte i storvalda samla på eit skjema for valdet. Difor så få skjema i starten. Seinare vart dei ulike jaktfelte registrert i «settogskutt». Det har og vore ulik «kvalitet» på registreringane. Somme har ikkje registrert dersom dei var på jakt og ikkje såg hjort. Andre har berre registrert dersom

dei skaut hjort. Uansett er intrykket at kvaliteten på registreringane har vorte betre utover i perioden.

**Tabell 4.** Sett hjort pr. jegerdag 2013-2017

År	Sett hjort pr. jegerdag	Antall jegerdager	Jaktfelt som har levert skjema
2013	0,65	398	3
2014	0,85	934	18
2015	1,07	1026	20
2016	1,4	740	23
2017	1,98	654	23




### 4.3.3 Sett kolle pr. bukk

Med etterhald om kvaliteten på registreringane så tyder «sett kolle pr bukk» på at stamma siste 5 år har fått eit jamnare forhold mellom kolle og bukk.

**Tabell 5.** Sett kolle pr. bukk 2013-2017

År	Sett kolle pr. bukk	Jaktfelt som har levert skjema
2013	2,38	3
2014	2,44	18
2015	2,3	20
2016	1,88	23
2017	1,36	23



## 4.4 Oppsummering

Ut frå tilgjengelege data og dei intrykk ein har samla tyder det på at mengda med hjort generelt sett er på eit fornuftig nivå. Det er noko ulik tettheit med hjort i kommunen. Dette har ført til auka beitepress og skader på skog og innmark. Tiltak for å rette dette har vore å ha eit lågare arealgrunnlag pr dyr på desse plassane, og heller auke arealet på plasser der det ikkje er så mykje hjort. Dette ser ein gjennomført i storvalda og i tildelingane til dei andre valda frå kommunen.

Fellingsprosenten dei siste åra har vore tilfredsstillande. Dette visar at det er samsvar mellom løyve og nivået på bestanden.

Ein ser at det har vore skote noko meir hanndyr enn hodyr. Dette noko som har auka dei siste åra og kan vere eit resultat av at ein ynskjer å spara koller (produksjonsdyr).

Dersom ein skal leggja sett hjort registreringane til grunn så har ein dei siste åra sett fleire bukkar pr kolle, men framleis kan det sjå ut til at det er meir hodyr enn hanndyr i bestanden..

Når det gjeld alderssamsetninga så tyder det på at stamma har ein låg gjennomsnittsalder. Dette er eit resultat i at det gjennom nokre år er tatt ut for mykje eldre koller og bukker.

## 5.0 MÅLSETTJING

### 5.1 Hovudmålsettinga

Hovudmålsettinga er å drive ei forutsigbar, langsiktig og stammeretta forvalting som stabiliserer bestanden på eit forsvarleg nivå i høve til bestandens kvalitet, og skader på skog og innmark.

## 5.2 Delmål

**Delmål i planperioden er å:**

- \* Stabilisere tettleiken av dyr i bestandsplanområdet .
- \* Auke gjennomsnittsalderen på bestanden både for kolle og bukk gjennom fokus på å skyta kalv og ungdyr.
- \* Sikre nok storbukk i stamma. (7-11 år)
- \* Sikre nok stamkoller/tradisjonsdyr i alle valda i planområdet.
- \* Ha fokus på å skyta mindreverdige dyr av alle kategoriar («skrapdyr»)
- \* Forsette «sett hjort» registreringar med innrapportering av slaktevekter.
- \* Registrering av slaktevekter, spesielt på gruppa kalv og 1 ½ åringar er viktig for å kartleggje kondisjon på denne gruppa, samt å fange opp endringar som kan nyttast vidare i forvaltninga.

## 6.0 TILTAKSDEL

### 6.1 Avskytingsplan «revidert 2019»

I samband med at valdet «Sagstad Moldekleiv 1256V0003» no ynskjer å melda seg inn i Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde **søkjer ein om godkjenning av revidert bestandsplan.**

Fellingsprosenten i kommunen var i 2019 på 90,8% og tala dei siste åra visar ei tydeleg auke i stamma. Bestandsplanen legg til grunn å stabilisera stamma, så noko auke i talet hjort er ikkje ønskjeleg. Det er i den siste tida også kome fleire meldingar på omfattande skade på skog og beiteskadar på innmark.

Med grunnlag i ovannemnde så ynskjer bestandsplanområdet å auka talet løyve **for 2019** frå 138 løyve til 152 løyve. Inkludert er då 4 løyve til det nye valdet i bestandsplanområdet. Fordeling på kjøn og alder vert etter det som tidlegare er lagt til grunn i bestandsplanen. Det totale fellingsløyve for Bestandsplanområdet vert då 570 dyr i planperioden.

I tillegg ynskjer me å overføra dei dyra som ikkje vart skote i 2018 til 2019. Fordeling av desse dyra vert etter kva som manglar i 2018. Arealgrunnlaget i 2019 pr dyr vert 458 daa.

Av felte dyr ønskjer ein for heile planperioden følgjande fordeling på kjønn og alder (I tillegg kjem 10 ekstraløyve for 2019 som vert fordelt i høve til tabellen):

Kategori	Prosent	Tal dyr/år	Tal dyr i perioden
Kalv	30 %	43	172
1 ½ år hanndyr	16 %	24	96

Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)	39 %	55	220
Vaksne hanndyr (2 ½ år og eldre)	14 %	20	80

### Nærare forklaring til avskytingsopplegget:

- \* Avskytingsopplegget tek 1 ½ år gamle hodyr inn i gruppa "Vaksne dyr" i tråd med Hjorteføreskrifta si inndeling. Målet er at omlag 50% av dyra i gruppa «vaksne hodyr», vert felt som 1 ½ åringar.
- \* Kalv og ungdyr bør samla sett utgjere minst 65% av det samla jaktutaket.
- \* Avskytingsopplegget har 1 ½ år gamle hanndyr (spissbukk) som eiga gruppe, sidan Gruppa er lett å skilje i jaktsituasjonen.
- \* Jaktfelta bør ha særleg fokus på at små, svake og synleg sjuke dyr skal takast ut.
- \* Store og fine bukkar bør sparast
- \* Valdet ønskjer å styre tildelinga/uttaket av produksjonsdyr til område med høg tettleik/stort skadepress.

### 6.2 Fordeling av fellingskvote mellom valda

Valdnavn	Tellande areal	Kalv	Kolle (frå 1 ½ år)	Bukk 1 ½ år	Bukk (frå 2 ½ år)	Da/dyr	Sum
Nordre Holsnøy	23182	13	17	6	6	552	42
Sagstad - Moldekleiv	2334	1	2	1	1	467	5
Midtre Holsnøy	11540	11	16	6	6	296	39
Mjåtveit - Langeland	5129	3	4	2	1	513	10
Fløksand - Ryland	5411	4	6	2	2	387	14
Dale	3203	2	4	1	2	356	9
Sætremainka	1564	1	2	0	0	521	3
Flatøy/Håøyna	1504	1	1	1	1	376	4
Kårbø	2385	1	2	1	1	477	5
Austbygd hjortevald	19255	11	13	5	5	566	34
<b>SUM</b>	<b>75507</b>	<b>48</b>	<b>67</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>458</b>	<b>165</b>

Det kan reknast eit avvik på inntil 10 % frå bestandsplanen. Alle prosenttal vert rekna av det totale talet på felte dyr i planperioden på 4 år.

### 6.3 Overføring av fellingsløyve mellom valda og fellesjakt

Det er høve til å overføra eller bytte løyve mellom valda som er medlem i bestandsplanområde. I praksis tyder dette at vald kan overføre sine løyve til eit anna vald, At ein jaktar på eige vald på andre sine løyve, eller at eit vald let andre jakta på sitt område.

Føremålet med eit slik samarbeid er å nå måla i bestandsplanen og unngå beitepress og skader på innmark og skog.

Valda organiserer sjølv dette samarbeidet med samtykke frå jaktsrettshavarane. Felte dyr rapporteras frå dei valda dei er tildelt.

